



Reguleringsføresegner knytt til endring av

Reguleringsplan

STEINSVIK OLIVIN AS-OLIVINUTTAK I VASSBAKKEDALEN

Føresegnene er knytt til masseuttak- og mellomlagerområde i Vassbakkedalen, og kjem i tillegg til føresegner eigengodkjent av Volda kommunestyre i sak 094/03 den 20.11.03.

Reguleringsføresegner datert 19.09.2003, skal såleis framleis gjelde for plan så langt dette ikkje er i strid med endra føresetnader sett ut frå planlagt overgang til dagbrot.

Reguleringsplanen er i medhald av PBL§ 27-2, eigengodkjent av Volda kommunestyre i sak 0099/05, den 12.10.2005, slik det framgår av kart datert 14.08.2005 og føresegner datert 11.10.05.

*Volda den 17.10.2005 - for adm.sjefen Per Heltne, planl.
e.f.m.*

1. REGULERINGSFORMÅL:

1.1 Generelt:

Planen skal legge til rette for vidare utvikling av olivinforekomsten i Vassbakkedalen i Steinsvik, Volda kommune. Til reguleringsplanen er det utarbeidd planbeskrivelse datert 17.08.2005. Planbeskrivelsen omfattar vedlegg som omhandlar tilhøve til utslepp av støv og støy samt geologiske tilhøve.

Tekstdel til plan, dokument datert 17.08.2005, er retningsgjevande for arbeid og tiltak etter plan.

Avbøtande tiltak og framdrift i høve til desse slik det framgår av dette dokumentet skal leggest til grunn for gjennomføring av prosjektet, og vere juridisk bindande del av plan.

Dei tiltak som framgår av tekstdel i plan skal også leggest til grunn ved utarbeiding av driftsplan for heile tiltaket, og omsyn til utslepp av støy-, støv og slam skal nærare avklarast gjennom driftsplan.

Oppfølging av tiltak skal sikre at anlegget kan drivast innanfor gjeldande reglar i Forskrift for grenseverdiar for luftureining og støy, T-1189 og retningsliner for begrensing av støy frå industri m.v., SFT- rundskriv TA-506.

1.2 Bergvesenet er tillagt mynde til å føre tilsyn med tiltaket. All drift og etterbehandling skal skje i

Samsvar med godkjent driftsplan. Driftsplan skal være godkjent av Bergvesenet i samråd med Volda kommune, Fylkesmann/SFT og NVE.

Det vert lagt til grunn at vassuttak knytt til arbeidsoperasjonar i bergverksdrifta ikkje er av eit omfang som tørrlegg elvar/bekkar med årssikker vassføring.

Vidare vert det lagt til grunn at Trollvasselva, som går gjennom uttaksområdet, får tilfredstillande kapasitet for flaumsituasjonar dersom det er naudsynt å legge den i rør gjennom anleggsområdet. I dette ligg det også at det nedstraums røra ned til Vassbakkeelva vert gjort ev. avbøtande tiltak for å hindre erosjon dersom dette skuldast auka vassfart pga. rørløysing.

Dersom anleggsveggar kryssar elveløp/bekkefar skal vatnet førast gjennom vegen og følgje sitt naturlege elveløp.

2. PLANOMRÅDET

Planområdet er på kartet vist med reguleringsgrense. Målestokk for kartet er 1:2000. Plankartet er datert 14.08.2005.

Det regulerte området er oppdelt i:

Landbruksområde – L1

Spesialområde - steinbrudd – S1

Spesialområde - lager/deponi – S2

Spesialområde - reandsone mot annan arealbruk – S3

Spesialområde - privat veg/annan veggrunn - S4

Fareområde - høgspenningsanlegg

3. LANDEBRUKSOMRÅDE:

Område L1 skal nyttast til landbruksområde som i dag.

4. HØGSPENNINGSANLEGG

Aktivitet innanfor areal avsett som fareområde – høgspenningsanlegg må avklarast med netteigar Tussa Nett as. Høgde mellom veg og leidningar skal ikkje vere mindre enn 7m.

5. SPESIALOMRÅDE - STEINBROT

5.1 Område S1 skal nyttast til ordinær dagbrotsdrift, og tilkomstvegar til ulike høgder i dagbrotet. Hyller i endeleg vegg skal bearbeidast slik at stadeigen vegetasjon vil kunne etablere seg. Brakker og andre bygg/instalasjonar som er naudsynt for drifta, er tillate plassert i området.

På arealet skal etablerast slamdeponi og eventuelle fangdammer for kontroll av avrenning. Detaljar i høve dette skal innarbeidast i driftsplan.

Detaljerte planar for uttaket skal fastleggast i driftsplan jf. pkt 1.2 som skal angi rekkefølge i tid og utstrekning.

I driftsplan skal det også sikrast:

- at uttak av masser skal skje i samsvar med godkjent lokalisering, uttaksdjupn og uttaksvolum med skråningsvinklar

- at sikring og skjerming mot utslepp, støy og støv evt. med krav om gjerde, randsoner m.v. vert ivareteke.

- at utbygginga/uttaket vert vurdert ut frå omsyn til miljø, estetikk, vedlikehald og sikringstiltak (§§ 68, 74 nr.2, 89 og 100)

- vilkår om driftsplan og sprengingsplan som viser korleis reguleringsføresegner og planintensjon vil verte følgde opp.

- vilkår om garanti for istandsettingskrav ut frå skjermings- og sikringsomsyn, og tilfredstillande avslutting av uttaksområdet.

5.2 Område S2 skal nyttast til lager /deponi av avdekkingsmasser og olivin som på det aktuelle tidspunkt ikkje er salgbart. Området skal terrengtilpassast og settast i stand til opprinneleg bruk. På arealet skal opparbeidast fangdammar for kontroll av avrenning. Detaljar i høve dette skal innarbeidast i driftsplan.

SPESIALOMRÅDE - SIKRING/OVERGANGSSONE

5.3 Område S3 er sikring-/overgangssone mellom steinbrot og anna arealbruk. I området skal det etter behov sikrast mot at mennesker eller dyr vert utsett for fare. Ved avslutning av anlegget kan det etter nærare beskrivelse i driftsplan gjerast inngrep i terrenget i overgangssonene for å skape ein naturleg overgang mellom uttaksområdet og naturterreng. Det kan anleggast vegar som bind saman steinbrot og lager/deponi.

SPESIALOMRÅDE ANNA VEGGRUNN

5. 5.4 Annan veggrunn – Område omfattar den del av transportvegen til utskipingshamn som ligg innanfor planområdet.